

## Helland feilinformerer

Under tittelen «Klar seier til Grautneset», samanlikna Sunnmørsposten energiutbyttet ved å energigjenvinne eller lage gjødsel og drivstoff av matavfallet. Sunnmørsposten skriv at energigjenvinning er vesentleg meir effektivt. NTNU og har ÅRIM sagt at energiutbyttet frå dei to alternativa er om lag like. Dette står vi ved.

Medan Sunnmørsposten har gått grundig til verks når det gjeld energibruken i materialgjenvinning, ser det ut til at tala for energigjenvinning utelukkande er baserte på utsagn frå Odd Helland, tidlegare dagleg leiar i Tafjord Kraftvarme (TKV).

Helland seier at matavfall inneheld rundt ein kilowattime (kWh) energi per kilo. Miljødirektoratet vurderer brennverdien av matavfall til å vere 0,8 kWh per kilo, altså lågare enn Helland sitt anslag. Helland hevdar at Tafjord utnyttar åtti prosent av energien. TKV seier at Grautneset er utforma for å brenne avfall med ein brennverdi på 3,1 kWh per kg. Med ein produksjon på 91 395 tonn avfall i 2016 kunne anlegget produsere 280 millionar kWh energi av avfallsmengda dei behandla.

I følgje TKV brukte dei nesten 10 millionar kWh straum til å drive anlegget i 2016. Det går også med ein del fyringsolje. Selskapet brukte over 11 millionar kWh fyringsolje i 2016.

Dersom TKV skulle utnytta 80 prosent, slik Helland hevdar, eller 65 prosent, som var talet Sunnmørsposten nytta, så skulle anlegget hatt ein produksjon på mellom 195 og 240 millionar kWh i 2016. I årsrapporten seier TKV at energiproduksjonen i 2016 var på 121,1 millionar kWh. Dette er om lag førti prosent av potensialet på 280 millionar kWh, altså langt lågare enn tala frå Helland. Dette gjer at samanlikninga mellom energigjenvinning og materialgjenvinning er gjort på feil grunnlag.

La oss samanlikne tala: Å brenne eit kilo matavfall gir om lag 0,3 kWh energi som blir nytta. Å transportere matavfallet til Lillehammer, lage biogass av det og nytte denne fornybare biogassen til å erstatte fossil diesel også gir om lag 0,3 kWh som blir nytta.

Det er ikkje energiutnyttinga som er hovudargumentet for å sortere ut matavfallet, men den totale klima- og ressursnyttninga.

Det er ingen tvil om at det er ei meir framtidsretta løysing å utnytte matavfallet betre enn vi klarar med dagens energigjenvinning.

Øystein Solevåg  
Dagleg leiar i ÅRIM